



Sak nr 3/2014

Møtedato: 15.1.14


Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Elgjakt – kvote

Dei siste åra har det vore klar nedgang i elgstamma i statsallmenningen og talet på felte dyr har gått ned har gått kraftig ned dei siste 2 åra. Det er også tilbakemeldingar frå fleire naboterreng i fjellet om at bestanden er langt mindre enn det var tidlegare. Dette er område der elgen trekker ut av området om vinteren.

Sannsynlegvis trekker elgen ut til område sør i Hallingdal. Det vil i 2014 bli starta opp eit merkeprosjekt som kanskje på sikt på gi sikrere dokumentasjon om kvar elgen oppheld seg om vinteren. Forvaltning av elgjakt skjer ikkje berre gjennom vanleg jakt, men også ved vinterjakt på trekkelg og ved trafikkuhell med bil og tog.



Samla for Vestre Slidre er elgstamma i ei god utvikling, men størstedelen av bakgrunns materialet er frå området utan trekkelg. Det er ikkje lagt fram vurdering av områda som har trekkelg og korleis utviklinga er i dette området. Det hadde vore av interesse å ha meir konkrete tal for utviklinga av fjellelgen. Dette gjeld alle områda der elgen trekker ut av terrenget om vinteren.

Kva vi i Vestre Slidre gjer er ein ting, men elgen blir forvalta over eit større område. Det er derfor ikkje sikkert det er så stor innverknad at vi reduserar kvoten. Naboterreng i Nord Aurdal har vinterjakt og kan ta ut den trekkelegen som kjem frå Vang og Vestre Slidre. Tilsvarende er det for kommunane i Hallingdal, dit ein meiner elgen trekker. Fjellstyret bør be om at elgregion Valhall vurderar stamma ulikt frå område til område. Det bør synleggjerat klarare at elgstamma i våres fjellområde er på sterk retur. Det kjem ikkje fram i noverande tal.

Merkeprosjektet som blir starta opp i vinter, vil kanskje i løpet av eit par gi signal om kvar elgen trekkjer.

Grunnkvota for allmenningen vart i 2013 redusert frå 28 til 15 dyr. Inkludert tilleggsdyr vart det i 2013 felt 17 dyr.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har i brev datert 8.1.14 gjeve følgjande uttale:

Grunnkvoten i 2014 bør ikke settes høyere enn 15 dyr i statsallmenningen

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret opprettheld den redusert grunnkvota frå 2013 på 15 dyr.

Fjellstyret ber driftsplanlaget, samarbeid med elgregion Valhall, å sjå nærare på problematikken om reduksjon av elgstamma i fjellområda.

Vedtak:

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.1.2014

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag, Vestre Slidre kommune og driftsplanlag for hjortevilt